



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

Vår ref.: 2019/2888-13

Dato: 11.11.2020

Til: Kjartan Thoresen

Frå: Bente Høyland

Særutskrift - Planstrategi for valperioden 2019-2023

Kommunestyret hadde saka føre i møte 22.10.2020 som sak 2020/108.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2019/2888-7

Saksbehandlar

Kjartan Thoresen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/28	Plan-, teknikk- og miljøutval	13.10.2020
2020/93	Formannskapet	15.10.2020
2020/108	Kommunestyret	22.10.2020

Vedtak - Planstrategi for valperioden 2019-2023 Kvinnherad kommune

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek Kvinnherad kommunestyre forslag til planstrategi for valperioden 2019 – 2023 slik den ligg føre.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i dokumentet etter vedtak.

Behandling i Plan-, teknikk- og miljøutval den 13.10.2020

Nytt framsett forslag frå Øyvind Utne, H:

2.2.2 – Vert forkorta til frisk, attraktiv og grøn. Syner til arbeid med samfunnsdelen.

2.2.3 – Vert forkorta til frisk, attraktiv og grøn. Syner til arbeid med arealdelen.

Røysting:

Nytt framsett forslag fekk to stemmer, (Øyvind Utne, H og Marianne Nordhus, SP) og fall.

Kommunedirektøren si innstilling fekk 5 stemmer og vart vedteken.

Innstilling frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 13.10.2020

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek Kvinnherad kommunestyre forslag til planstrategi for valperioden 2019 – 2023 slik den ligg føre.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i dokumentet etter vedtak.

Behandling i Formannskapet den 15.10.2020

PTM-utvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling frå Formannskapet den 15.10.2020

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek Kvinnherad kommunestyre forslag til planstrategi for valperioden 2019 – 2023 slik den ligg føre.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i dokumentet etter vedtak.

Behandling i Kommunestyret den 22.10.2020

NYTT FRAMSETT FORSLAG:

Tilleggsforslag: Temaplan for Eldre- og omsorgskår vert innarbeidd i Planstrategi for perioden 2019-2023.

Planen bør kunne startast opp i 2022, med ferdigstilling i 2023.

RØYSTING:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Nytt forslag frå ordførar vart vedteke med 34 mot 1 røyst (Synnøve Handeland, V).

Vedtak frå Kommunestyret den 22.10.2020

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek Kvinnherad kommunestyre forslag til planstrategi for valperioden 2019 – 2023 slik den ligg føre.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre endringar i dokumentet etter vedtak.

Temaplan for Eldre- og omsorgskår vert innarbeidd i Planstrategi for perioden 2019-2023. Planen bør kunne startast opp i 2022, med ferdigstilling i 2023.

Saksutgreiing:

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men ei oversikt over kva planar som skal prioriterast i valperioden (2019-2023). Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi, jf. Plan- og bygningslova § 10-1. Kvinnherad kommune fekk sin første planstrategi etter vedtak i kommunestyret 25.10.2012, og dette er den tredje i rekka. Ny planstrategien er laga etter følgjande hovudprinsipp:

1. Streng politisk prioritering av ressursbruk til planarbeid (økonomi og mannskap)
2. Beredskap for flaks: Opne rom for nye planar og prosjekt som kjem i løpet av neste periode.
3. God oversikt over planarbeidet: Både planar som er under utarbeiding og prioriterte planar dei neste 4 åra, med utgangspunkt i vedteken planstrategi. Oversikten vert jamleg oppdatert og såleis eit levande dokument etter at planstrategien er vedteken.

Evalueringa av den førre planstrategien syner at om planstrategien skal ha ein funksjon, er det avgjerande at politikarane står inne for dei prioriteringane dei tek i planstrategien. Om dei skal endrast, er det viktig at konsekvensane av endringane vert synleggjort. Om nye planar vert lagt til, vil dette gå ut over den totale produksjonen, og då vil det anten gå ut over framdrifta til andre

planer, eller dei må kuttast ut. Planproduksjonen i Kvinnherad er avhengig av politisk og administrativ disiplin og lojalitet til vedteken planstrategi, og eit gradvis aukande rom for nye planar i perioden.

Prosess

Prosjektet har vore gjennomført innafor vedtekne rammer og framdriftsplanen er fylgt, m.a. med fleire orienteringar i formannskap og utval for plan, teknikk og miljø. Forslag til planstrategi har vore på ei kort høyring.

Økonomisk konsekvens:

Full gjennomføring av planoppgåvene krev ekstra ressursar i høve til drifta slik den er organisert i dag. Det må jobbast vidare med finansieringa av ein del av planarbeida.

Miljømessig konsekvens:

Ingen direkte konsekvensar, men berekraft er ein premiss for planstrategien og skal gi miljøvinst på sikt.

Vedlegg:

- Forslag til planstrategi for valperioden 2020 – 2023
- Vedteken prosjektplan